

# **Vedtak om helseverngodkjenning av delar av Kulturskulen til lokale for Osterøy integrerings- og læringssenter**

Kommuneoverlegen i Osterøy kommune fattar følgjande vedtak:

**Delar av Kulturskulen vert godkjent etter forskrift om miljø og helse i barnehager, skoler og skolefritidsordninger § 15. Kapasiteten er 15 elever.**

## **Bakgrunn**

Alle skular skal ha godkjenning etter forskrift om miljø og helse i barnehager, skoler og skolefritidsordninger. Forskrifta er heimla i folkehelseloven.

Osterøy integrerings- og læringssenter har søkt om godkjenning for å bruke delar av Kulturskulen sine lokalar til undervisning. Det er no 12 elevar i grunnskule som skal ha undervisning der. Dei har inntil 3 økter i veka. Resten av tida har dei undervisning på skulane dei soknar til.

Det er eitt klasserom og eitt toalett til elevane. Klasserommet har balansert omrøringsventilasjon. To vindauge hadde ikkje barnesikring, skuleeigar er i gang med å montere dette.

Elevane har tilgong til ein fin balkong på 15 kvadratmeter. Skuleeigar monterer høgare gjerde, då det noverande er litt lågt (85 cm).

Uteområdet er på 255 kvadratmeter. Skuleeigar skal møblere det med benker. Sidan elevane berre er til stades delar av dagane har dei berre korte pauser, inntil 15 minutt. Me vurderer difor at storleiken på uteområdet er tilstrekkeleg.

Kommuneoverlege Anita Sørtveit synfarte lokala **DATO**. Det vart ikkje funne manglar som er til hinder for at lokala kan få helseverngodkjenning. Lokala og uteområdet vil bidra til helse, trivsel, leik og læring for elevane. Skulen får difor helseverngodkjenning, slik det er søkt om.

Kulturskulen har fleire rom som kan nyttast til undervisning, som står tomme på dagtid. Dersom elevtalet skulle auke kan Osterøy integrerings- og læringssenter søke om endra helseverngodkjenning, og få godkjend fleire rom.

## **Informasjon om regelverk**

Partar i saka kan klage på vedtaket. Reglene om klage står i forvaltningslova kapittel VI. Ei eventuell klage skal sendast til Miljørettet helsevern, med kopi til kommuneoverlege Anita Sørtveit. Fristen for å klage er 3 veker frå de fekk dette brevet.

Partar i saka kan kontakte Miljørettet helsevern ved behov for rettleiing i saka. Kommuneoverlegen har samarbeidsavtale med avdelinga Miljørettet helsevern i Bergen kommune.

Det er rett til innsyn i alle dokument i saka jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19.

## **Kontaktinformasjon**

Kommuneoverlege Anita Sørtveit, Osterøy kommune, Geitaryggen 8, 5282 Lonevåg.  
E-post: [anita.sortveit@osteroy.kommune.no](mailto:anita.sortveit@osteroy.kommune.no)

Miljørettet helsevern, Solheimsgaten 9, 5058 Bergen.

E-post: [mhv@bergen.kommune.no](mailto:mhv@bergen.kommune.no)